



Til
Styret i SAPT

Fra
BBSI - Fellesadministrasjon

Notat

Vår referanse: 18-2250
Saksbehandler: Jan Eide
Dato: 6. april 2018

Vurdering av styrets oppgaver og fullmakter i SAPT

Som styreleder i Syns- og audiopedagogiske tjenester (SAPT) som sorterer inn under BBSI vurderer jeg at det er utfordringer i hvordan vi har organisert samarbeidet gjennom mellom SAPT som resultatenheter i Bergen kommune og som leverandør av tjenester til øvrige hordalandskommuner. Jeg vil her komme med noen refleksjoner rundt dette og de punktene som følger i dette notatet juridisk vurdert. De kan danne grunnlag for videre diskusjoner i styret.

Det er viktig å understreke at disse refleksjonene ikke på noen måte eller i noen sammenheng vil påvirke de tjenester eller den driften som i dag er ved SAPT. Dersom det på et tidspunkt besluttes å gjøre endringer, skjer det først etter at saken er grundig diskutert med dere som i dag er med i avtalen.

Så til de ulike innspillene.

Første avsnitt side 1: *«SAPT er en resultatenheter under byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett (BBSI) og inngår under seksjon for spesialpedagogiske tjenester.»*

- Formuleringa er for det fyrste upresis. Seksjonen for spesialpedagogiske tenester er ein seksjon på nivå 1, medan resultateiningane er på nivå 2. Det som kanskje er meint, er at områdeleder i den rolla vedkommande har som områdeleiar, er områdeleiar for SAPT. SAPT er likevel ikkje ein del av den seksjonen områdeleiar leier i rolla si som seksjonsleiar.
- Formuleringa er i tillegg uheldig fordi ho avgrensar Bergen kommune sin organisatoriske handlefridom når det gjeld kor i organisasjonskartet SAPT skal vera.
- Men om ein ser bort frå at formuleringa er upresis, så kan ho gi uttrykk for ei styringslinje som samsvarar med det vi elles har i BBSI, der ein områdeleiar er einingsleiar sin næraste overordna, og der den ordinære fullmaktsstrukturen er gjeldande. På vanleg måte vil også kommunaldirektøren vera overordna, og dei fullmakter kommunaldirektøren til ei kvar tid gir, kan også til ei kvar tid trekkjast tilbake eller endrast.

Fjerde siste avsnitt side 1: *«Bergen kommune har arbeidsgiveransvar for de ansatte i SAPT.»*

- Formuleringa gir Bergen kommune myndigheit åleine i nesten alle spørsmål som gjeld personalhandteringa. Unnataket er personaldimensjoneringa. Arbeidsgjevaransvaret gjeld frå det tidspunktet nokon er tilsett, og i tillegg handteringa av sjølve tilsetjingsprosessen. Men det gjeld ikkje spørsmålet om kor mange tilsette det skal vera i SAPT. For det skal vera ei *«avtalt*

dimensjonering» (nest siste avsnitt side 1). Ordet avtalt tyder på at alle avtalepartane skal vera med å bestemma dette. Med utgangspunkt i den avtalte dimensjoneringa så har styret fått fullmakt frå avtalepartane til å «tilpasse virksomheten innenfor gitte økonomiske rammer». (nest siste avsnitt side 1). Det ville vore naturleg å delegera denne tilpassinga til einingsleiaren, og det kan sjølv sagt styret langt på veg gjera, men områdeleiar (eller kommunaldirektøren) kan ikkje gjera det, og dermed strir dette mot det avsnittet som seier at SAPT er ei resultateining under BBSI.

Femte avsnitt side 3: «Styret for SAPT har det overordnede faglige og økonomiske ansvaret for styring av de tjenestene som SAPT skal levere»

- Dette avgrensar kor mykje områdeleiar (og kommunaldirektør) kan påverka SAPT utover den innflytelsen Bergen kommune har som den største av avtalepartane.

Nest siste avsnitt side 3: «Utover de krav som gjelder for virksomhetsplan og rapportering i Bergen kommune som vertskommune, fastlegger styret kriterier for utforming av de nødvendige styringsdokumentene.»

- Her er det motsett av føregående punkt. Styret kan berre fastleggja kriterier som kjem i tillegg til Bergen kommune sine krav, men kan ikkje endra Bergen kommune sine krav.

Andre kulepunkt side 4: «Bergen kommune ansetter enhetsleder. Styret i SAPT vedtar instruks utover de krav til stillingen som gjelder for resultatenhetslederne i Bergen. Enhetsleder er sekretær for styret. I daglig administrativ drift forholder enhetsleder seg til styreleder og administrasjonen i Bergen kommune.»

- At Bergen kommune kan tilsetja einingsleiar er i samsvar med at Bergen har arbeidsgjevaransvaret og at SAPT er resultateining i BBSI. Meir uklart er det at einingsleiar skal forhalda seg til både styreleiar og administrasjonen i Bergen kommune.

At alle kommunane og fylkeskommunen gjerne vil ha påverknad på den økonomiske drifta av SAPT, og då særleg lønnskostnaden, er forståeleg. Men utover dette så bør det vurderast for fordelar det er med eige styre for SAPT, framfor at SAPT sine tenester kan kjøpast frå Bergen kommune.

Med hilsen
BBSI - Fellesadministrasjon

Jan Eide
Programleder Nye BBSI, styreleder SAPT
Byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett

Bergen kommune
Postboks 7700 | 5020 Bergen
Telefon: 474 17 147

[Klikk her for å skrive inn tekst.](#)